



## Sosial læreplan for Norane skule og SFO



## Saman om meistring

### Innleiing

Alle elevane på Norane skule skal oppleve eit godt og inkluderande skulemiljø.

I Stortingsmelding 31 «Kvalitet i skolen» (2007-2008) er eit av måla for kvalitet i grunnsopplæringa at «alle elever skal inkludererast i et fellesskap der de trives og ikke blir utsatt for mobbing. Det er vidare viktig at skolehverdagen fremmer meistring og fremgang blant elevane»

Eit godt og inkluderande læringsmiljø bidrar til positiv læring og utvikling for den enkelte elev og skal samstundes sikre eleven ein skulekvardag som fremjar helse og trivsel.

Læringsmiljøet vert her definert som dei miljømessige faktorane i og rundt skulen som påverkar elevane si sosiale og faglege læring samt elevane sin generelle situasjon i skulekvardagen. Faktorane er i hovudsak relatert til vennskap og deltaking i sosiale og faglege fellesskap, relasjonar til medelevar og lærarar, klasseleiing, normer og reglar,



verdiar, forventningar til læring og det fysiske miljøet i skulen. Samla kan dette også omtalast som elevane sitt arbeidsmiljø.

Arbeidet med skulen sitt læringsmiljø kan soleis koplust direkte til kapittel 9a i opplæringslova.

I vårt arbeid med inkluderande skulemiljø er vår målsetjing å auke elevane si oppleving av å høyre til og retten deira til medverknad gjennom å anerkjenne at sosial og fagleg læring skjer i eit samspel. Eit godt og inkluderande læringsmiljø på Norane skule kjenneteiknast av tydelege læringsmål, eit positivt elevsyn, respekt for ulikskap, trygge og engasjerte vaksne og eit godt samarbeid mellom heim-skule.

Målet med denne sosiale læreplanen er å sikre eit systematisk arbeid med skulemiljø slik at alle elevane kan utvikle sin faglege og sosiale kompetanse. I tillegg til sosial læreplan har vi handlingsplan mot mobbing.

Planen skildrar korleis vi arbeider med skulemiljøet på alle nivå – i samarbeid med foreldre og føresette, på skulenivå, på trinn og med den enkelte elev. Vi har valt å legge stor vekt på sosial kompetanse, og har skildra forventningar til elevar, foreldre/føresette og dei tilsette i dette arbeidet.

Planen er heile skulen sitt ansvar, og den forpliktar alle partar i skulesamfunnet, skulen sine tilsette, elevar og foreldre/føresette.

Det er på bakgrunn av Norane skule sine mål at denne sosiale læreplanen er blitt til. Vi ønsker og å synleggjere skulen sin pedagogiske plattform<sup>1</sup> og visjon i planen: «Saman om meistring»

Planen er godkjent i SU og SMU 11.april 2019. Den skal drøftast, godkjennast og evaluerast årleg i alle skulen sine samarbeidsorgan.

Anne Siri Bentsen  
Rektor

## Innhaldsliste

Innleiing .....	2
1. Bakgrunn for planen     4	
2. Korleis Norane skule jobbar med sosial kompetanse og skulemiljø     5	
2.1 Felles tiltak og arrangement ved skule og SFO     5	
2.2 Tiltak i elevrådet     6	
2.3 Elevansvar på ulike trinn.....	7
2.4 Ferdigheitsmål for sosial kompetanse i skule og SFO – ut frå fem områder for sosial kompetanse     8	
2.5 Ansvars – og aktivitetsplan     9	

<sup>1</sup> [http://www.norane.skule.no/index.php?pageID=31&page=pedagogiske\\_verdiar\\_og\\_visjon](http://www.norane.skule.no/index.php?pageID=31&page=pedagogiske_verdiar_og_visjon)



### 3. Forventningar til tilsette 10

3.1 Vi forventar at dei tilsette ved skulen 10

3.2 Forventningar til tilsatte ved SFO 11

3.3 Vi forventar at lærarane 11

3.4 Vi forventar at kontaktlærer 12

3.5 Dette forventar vi av den gode timen 13

3.6 Forventningar til elevane 13

4. Forventningar til heimen 14

5. Temaplan for klassemøter og pedagogiske samtalegrupper(personale) 15

Vedlegg: Zippy`s venner 16

## 1. Bakgrunn for planen – opplæringslova § 9a

Elevane våre skal oppleve meistring, utvikle talenta sine og få opplæring som er tilrettelagt i høve evnene og føresetnadane sine.

Opplæringslova § 9a<sup>2</sup> gir alle elevar rett til eit godt psykososialt miljø. Paragraf 9a-1 seier at *Alle elevar i grunnskolar og vidaregåande skolar har rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø som fremjar helse, trivsel og læring.*

*Med psykososialt miljø meiner ein her dei mellommenneskelege forholda på skulen, det sosiale miljøet og korleis elevane og personalet opplever dette. Det psykososiale miljøet handlar og om elevane si oppleving av læringssituasjonen. Det handlar og om vern av eit godt psykososialt klassemiljø der ein skal sikre kollektive rettar. Eit godt psykososialt miljø i klassen er viktig for å sikre enkelteleven eit miljø som fremjar*

---

<sup>2</sup> <https://www.udir.no/regelverk-og-tilsyn/finn-regelverk/etter-tema/Laringsmiljo/skolemiljo-udir-3-2017/?depth=0&print=1>



*helse, trivsel og læring, men § 9a-1 må og kunne brukast for å sikre eit godt klassemiljø<sup>3</sup>.*

*Ein sosial læringsplan skal bidra til:*

- *Skape eit godt læringsmiljø*
- *Skape eit trygt fellesskap*
- *Utvikle gode grupper og miljø i samarbeid med elevar og føresette*
- *Legge til rette for elevane si sosiale utvikling*
- *Legge til rette for at elevar og føresette kan engasjere seg*
- *Elevar og foreldre kan oppleve positive aktivitetar saman*
- *Eit hjelpemiddel i arbeidet mot mobbing og krenkande åtferd*
- *Synleggjere skulen sitt arbeid i forhold til miljøskapande arbeid og konkrete handlingstiltak*
- *Synleggjere Norane skule sine tilsette og foreldra si haldning til fellesskapet sitt ansvar og engasjement.*

Vårt mål på Norane skule er å skape ein skulekultur der gode haldningar og åtferd gjennomsyrrar skulemiljøet. Folkehelse og livsmeistring<sup>4</sup> som tverrfagleg tema i skulen skal gi elevane kompetanse som fremjar god psykisk og fysisk helse, og som gir høve til å ta ansvarlege livsval.

Vår plattform skal setje klasseleiing, undervisning, motivasjon og meistring i samanheng. Vi skal ha blick for den enkelte elev. Demokrati og medborgarskap som tverrfagleg tema i skulen skal gi elevane kunnskap om demokratiet sine føresetnadar, verdiar og spelereglar, og gjere dei i stand til å delta i demokratiske prosessar.

Vi skal ha tilsette som bryr seg kvar dag og som grip inn ved avvik og når det er mistanke om mobbing.

Vi skal ha elevar som har gode haldningar og åtferd og som grip inn/hjelper medelevar som treng det og varslar vaksne ved avvik. Elevane skal få forståing for at handlingane og vala til den enkelte har betydning. Dette er berekraftig utvikling. ( 4: Verdier og prinsipp for grunnopplæringa, gjeldande frå 01.08.2020)

Vi skal ha foreldre som bryr seg om alle elevane, er gode føredøme og tek kontakt med foreldre og skulen (kontaktlærer/rektor) ved avvik eller mistanke om avvik.

## 2.Korleis Norane skule jobbar med sosial kompetanse og skulemiljø

Det er vanleg å ta utgangspunkt i fem dimensjonar/områder som dekker dei viktigaste gruppene av sosiale ferdigheiter som menneske nyttar i samhandling med kvarandre. Dette er overordna mål for sosiale ferdigheiter.

<sup>3</sup> <https://www.udir.no/regelverkstolkninger/opplaring/Laringsmiljo/Udir-2-2010-psykososialt-miljo/Del-I/3/>

<sup>4</sup> <https://www.regjeringen.no/contentassets/37f2f7e1850046a0a3f676fd45851384/overordnet-del---verdier-og-prinsipper-for-grunnopplaringen.pdf>



- Empati – Evna til å sette seg inn i andre sin situasjon og å ta andre med i aktivitet og læring og vere ein god ven.
- Samarbeid – Kunne bruke tida si fornuftig medan ein ventar på tur, dele med og hjelpe andre. Følgje reglar og beskjedar og ta andre med i leik og læring, samt kunne skifte aktivitet utan å protestere.
- Sjølvhevding/sjølvtilitt – Be om informasjon, presentere seg og reagere på andre sine handlingar. Kunne uttrykke egne behov og ha sjølvinnstikk. Vidare handlar det om å kunne markere seg sjølv sosialt blant anna ved å kunne uttrykke egne meiningar og standpunkt.
- Sjølvkontroll – Evna til tilpasse seg fellesskapet og ta omsyn til andre, samt evna til å utsetje behov, til dømes å vente på tur, og kunne vise glede og sinne på aldersadekvate og gode måtar.
- Ansvarleg – Vise respekt for egne og andre sine eigendelar og arbeid, samt å kunne utføre oppgåver. Halde orden i skulesakene sine, i garderoben og klasserommet.

I tillegg handlar det om **leik, glede og humor**. Målet må vere å kunne føle glede ved eigen og andre si meistring. Evna til å leike med andre vert ein føresetnad for sosialt samspel med andre barn og for læring av sosiale ferdigheiter.

## 2.1 Felles tiltak og arrangement ved skule og SFO

- Vi nyttar Norane skule og SFO sine trivselsreglar. Dette vert teke opp med elevane kvart år.
- Vi nyttar delar av dei to første vekene på skulen i august til trivsel og sosiale læring. Eigen plan for forventningar til eleven ved skulestart og øving på sosiale ferdigheiter.
- Vi nyttar aktivitetsplan
- Vi har inspeksjonsplan. Alle som har tilsyn har på seg synlege vestar og dekkar alle områdar i skulegarden/toalett.
- Vi har handlingsplan mot mobbing.
- Vi nyttar « Zippy`s vener» som opplæringsprogram om skulemiljø, sosiale ferdigheiter og førebyggjande arbeid.
- Vi nyttar temaplan for klassemøter (for elevane) og pedagogiske samtalegrupper (for personalet)
- Vi har to årlege elevsamtalar, to årlege utviklingsamtalar med halvårsvurderingar og to årlege foreldremøter.
- Vi har fadderordning: Elevar frå 6.og 7.trinn er fadderar for elevar på 1. og 2.trinn. Plan vert laga for dette. Andre klassar kan inngå samarbeid om fadderordning.
- Vi vektlegg å møte og sjå alle elevar kvar dag, gjennom å helse og samtale



- Vi møter elevane med positive forventningar og haldningar og tek elevane på alvor
- Vi har fokus på gode relasjonar mellom elev og lærar
- Vi gjennomfører Elevundersøkelsen og trivselsundersøkelsen(eigen)
- Vi nyttar Spektekter undersøkinga for å overvake skulemiljøet med oppfølging og tiltak.

## 2.2 Tiltak i elevrådet

- Elevane tek ansvar for at ingen er aleine – får alle med i leiken
- Vere hyggelege mot kvarandre – seie hyggelege ting til kvarandre
- Elevrådet har medansvar for alternative dagar og andre miljøtiltak som idrettsdag/balldag/aktivitetar
- Dei eldste i elevrådet (7.trinn) er programvertar/leiarar på felles arrangement som jul påske.
- 7.trinn er trivselleiarar – og får opplæring i programmet «Trivselleiarar».
- 5.-7 trinn arrangerar elevkafè - inntektene går til elevrådet, som kan søke om å få kjøpe utstyr til aktivitetar.

## 2.3 Elevansvar på ulike trinn

- For at barn skal kunne gjere egne erfaringar, må dei få ansvar
- Barn som føler ansvar, tenker over konsekvensane av sine handlingar
- Barn som føler ansvar, blir ikkje likegyldige
- Å kjempe mot likegyldigheita er ein føresetnad for å fremje tryggleik, trivsel og å høyre til

Vi vil at kvart trinn frå 1.-7. skal ha eit spesielt ansvar kvart år:

Alle trinn plukkar søppel på omgang

### 1.-7. trinn

Held sine undervisningsareal ryddige

Held det pent og ryddig i skulegarden



## 4. trinn

Er ansvarlege for ballkassa

## 5.trinn

Er ansvarlege for akemattene vert lagt fint på plass

Er ansvarleg for at fotballane vert samla inn

## 6.trinn

Er fadderar for 1. trinn

Er ansvarleg for « hald skjærgarden rein» aksjonen kvart år.

## 7.trinn

Er fadderar for 2. trinn

Er trivselsvakter/leiarar

## 2.4 Ferdigheitsmål for sosial kompetanse i skule og SFO – ut frå fem områder for sosial kompetanse

Områder	Sosiale kompetansemål etter 2. trinn Elevar ved 1. og 2. trinn skal kunne	Sosiale kompetansemål etter 4.trinn Elevar ved 3.-4. trinn skal kunne	Sosiale kompetansemål etter 7.trinn Elevar ved 5.-7. trinn skal kunne
<b>Ansvarleg</b> Ha orden i skulesakene, i garderoben og klasserommet	-Følgje klassereglane -Ta godt vare på bøker og andre skulesaker -Motta beskjedar frå læraren	-Levere/gjere arbeidsoppgåvene til rett tid -Ha med det som trengs til timar og turar	-Ta ansvar for eiga læring -Fullføre oppgåver i klasserommet til avtalt tid -Følgje med i timen og etterkome læraren sine instruksjonar -Reagere hensiktsmessig på andre elevar sin ros og oppmuntring
<b>Sjølvkontroll</b> Kunne tilpasse meg fellesskapet og ta omsyn til andre  Kunne uttrykke egne behov og ha sjølvinnstikk	-Kjem raskt inn når det ringer -Vente på tur i klasserommet og i uteleik -Spørje læraren om hjelp viss det er noko han/ho ikkje forstår -Bruke « stille hand» -Opptre roleg når ein går mellom rom og inn og ut av skulebygninga -Ignorere andre som forstyrrar	-Respektere ordensreglementet -Respektere medelevarne -Ta ansvar for orden i klassen og i skulegarden -Ta imot og hugse ein beskjed	-Beherske sinne/frustrasjon og finne hensiktsmessige alternativ i konfliktsituasjonar Respektere andre sitt syn og andre sitt behov -Sjå og vurdere konsekvensen av eigne handlingar -Bruke reglar i samvær med andre i læring og aktivitetar -Diskutere med andre og oppnå semje dersom det oppstår ein konflikt
<b>Samarbeid</b>	- Vere ein god læringsven	- Vere ein god læringsven	- Vere ein god læringsven





# Norane skule



<p>Ta andre med i leik og læring</p> <p>Kunne tilpasse meg fellesskapet og ta omsyn til andre barn</p>	<p>-Sitte ved sidan av andre når han/ho arbeider</p> <p>-Låne og levere tilbake det han/ho har lånt</p> <p>-Spele spel og leike med andre (følge reglane i leiken)</p> <p>-Skifte aktivitet i klasserommet utan å forstyrre seg sjølv eller andre</p>	<p>-Følgje instruksjonar/fullføre oppgåver</p> <p>-Tolte å tape og vise i praksis at han/ho kan løyse problem seg imellom</p> <p>-Nytte løysingstrappa til Zippy ved sinne/konflikt</p>	<p>-Samarbeide om ei oppgåve eller presentasjon</p> <p>-Gje informativ tilbakemelding på andre sine presentasjonar og motivere dei for vidare innsats</p> <p>-Gje samarbeidspartane deler av « æra» for eit produkt som fleire har vore med på</p>
<p><b>Sjølvhending/ sjølvtilitt</b></p> <p>Kunne uttrykke egne behov og ha sjølvinnstikk</p> <p>Kunne hevde meg og synes i gruppa</p>	<p>-Ta kontakt med andre i friminuttar på ein respektfull måte</p> <p>-Sei noko positivt om seg sjølv</p> <p>-Sette ord på egne kjensler fortelje noko høgt i klassen</p>	<p>-Tilby seg å hjelpe dei som treng hjelp( barn/vaksne)</p> <p>-Bli med i ein gruppeaktivitet som er i gang</p> <p>-Jobbe fagleg to og to i ei gruppe med læringsutbyte</p> <p>Takle frustrasjon, på ein hensiktsmessig måte, dersom ein ikkje får vere med i leiken</p>	<p>-Motstå gruppepress</p> <p>-Argumentere for egne meiningar sjølv om dei avviker frå andre si</p> <p>-Vende seg til lærarar og medelevar dersom han/ho ikkje forstår oppgåva eller korleis den skal løysast</p>
<p><b>Empati</b></p> <p>Vere ein god ven</p> <p>Ta andre med i leik og læring og vere ein god ven</p>	<p>-Ta andre born med på leiken</p> <p>-Sei unnskyld viss han/ho har gjort noko dumt mot nokon</p> <p>-Snakke til andre på ein vennleg måte</p> <p>-Sei ifrå til ein vaksen viss nokon vert plaga</p> <p>-Kjenne igjen kjensler gjennom ansiktsuttrykk og kroppsspråk</p>	<p>-Sei nei når det er noko han/ho ikkje vil vere med på</p> <p>-Fortelje andre noko han/ho er fiinkt til</p> <p>-Starte og avslutte ein samtale</p> <p>-Lytte aktivt når andre fortel</p> <p>-Vise at han/ho kan setje seg inn i andre sin situasjon</p> <p>-Kjenne igjen ansiktsuttrykk, stemmeleie og kroppsspråk hos andre. Og fortelje kva kjensle dei uttrykker</p> <p>-Snakke pent om dei som er annleis og/ eller treng hjelp</p> <p>-Gje positive tilbakemeldingar til andre i samarbeid og leik (gje ros)</p>	<p>-Vise omsorg og innleving i andre sin situasjon</p> <p>-Sei unnskyld når ho/han har gjort noko dumt mot nokon, og gjere greie for kvifor dette er viktig</p>

## 2.5 Ansvars – og aktivitetsplan

MÅNAD	FELLESAKTIVITETAR	ANSVAR
August	Sosial- og trivseldagar	Alle
	Elevkafè	Elevrådet, mellomtrinnet
	Fadderaktivitetar- eigen plan	1.og 6.trinn
September	Haustur / fjelltur	Alle
	Haustveke	Småtrinnet
	Morgonsamling	1.-2.trinn
	Foreldrecaffi SFO	SFO
	Valkafè	6.trinn
	Elevkveld	Foreldre 7.trinn
Oktober	<b>HAUSTFERIE</b>	
	TV aksjonen – skulejoggen	Alle
	FN – dagmarkering	5.-7.trinn
	BliME – dansen	Alle
	Morgonsamling	3.-4.trinn
	Elevkveld	Foreldre 7. trinn
November	MILL veke	Alle
	Leseveke	Mellomtrinnet
	Morgonsamling	5.-7.trinn
	Førjulscaffi for foreldre på SFO	SFO
Desember	Adventstund	Trinna





	Juleverkstad	Alle
	Generalprøve, julefest for besteforeldre	Alle
	Elevkafè	Elevrådet, mellomtrinnet
	Julefest	Skule, FAU-foreldre
	Samling i kyrkja, julegraut	Alle
Januar	Fagdag matematikk	Alle
	Elevkveld	Foreldre 7.trinn
Februar	<b>VINTERFERIE</b>	
	Morgonsamling	1.-2.trinn
	«Årets bursdag»	Alle
Mars	Skidag	Alle
	Leseprosjekt	Mellomtrinnet
	Morgonsamling	3.-4.trinn
	Elevkveld	Foreldre 7.trinn
April	<b>PÅSKEFERIE</b>	
	Morgonsamling	5.-7.trinn
	Påskeveka	1.-4.trinn
	Påskelunsj	6.trinn, 1.-4.trinn
Mai	Idretts – og aktivitetsdagar	Elevråd, 5.-7.trinn
	Rydde i nærmiljøet	Alle
	17.mai	FAU, 3.-4.trinn foreldre
	Elevkveld	Foreldre 7.trinn
Juni	<b>SOMMARFERIE</b>	
	Sykkeldag	Alle
	Elevkafè	Elevrådet, mellomtrinnet
	Grillfest 1.-4.	Foreldre 1.-2.trinn
	Felles tur	Alle
	Sangdag	Alle
	Morgonsamling dagtid 7. trinn/Avslutning 7.trinn Sommarfest for 5.-7.trinn	6.trinn/foreldre
	Foreldrekaffi på SFO	SFO

## 3.Forventningar til tilsette

Arbeid med sosiale kompetanse er eit kontinuerleg arbeid. Ein viktig faktor i førebygging av mobbing og utvikling av eit godt læringsmiljø er dei vaksne si evne til å leie grupper og skape gode relasjonar til elevane.

Alle tilsette ved Norane skule er gode rollemodellar!

### 3.1 Vi forventar at dei tilsette ved skulen:



- Tek initiativ til og ansvar for samarbeidet med foreldre og føresette i samsvar til felles forpliktingar
- Involverer elevane i utarbeiding av trivselsreglar for heile trinnet. Klassereglar og rutinar skal «settast» i løpet av dei to første skulevekene.
- Føl opp inspeksjonsplanar og er ute i friminutt. Dei vaksne skal følgje godt med på det som skjer og skal gripe inn og bidra, når det oppstår usemje eller førekjem utestenging i leik og aktivitetar.
- Arbeider målbevisst for å lære elevane god nettbuk og digital dømmekraft.
- Synleggjer sosiale mål på læringsplanen og i klasserommet.
- Involverer elevane regelmessig i vurdering av måloppnåing, fagleg og sosialt.
- Har gruppedeling på tvers av klassar i ulike fag
- Gjennomfører aktivitetar, samlingar og samarbeid på trinnet og på tvers av trinn.
- Sikrar god informasjon til minoritetsspråklege elevar og deira foreldre/føresette.

## 3.2 Forventningar til tilsette ved SFO

SFO er eit fritidstilbod. Frileik er i fokus på SFO og leiken er ein viktig arena der barn kan utvikle sin sosiale kompetanse. På SFO er forventningane til dei vaksne knytt til fire sentrale delar av dagen: morgon, oppstart etter skuletid, måltid og frileik.

- Om morgonen skal dei vaksne møte og ønske barna velkomne, helse på alle ved namn, sjå til at barna held orden på eigen plass og legge til rette for ein god frukost. ( Samorganisert med barnehagen)
- Ved oppstart etter skuledagen skal dei vaksne etablere ro i barnegruppa, helse og bruke barna sitt namn, gje klare beskjedar om SFO dagen sitt innhald og vere i dialog med lærar om hendingar som kan bety noko for resten av dagen. Tilsette må vere tilstades for barna i garderoben.
- Ved måltid skal dei vaksne etablere ro og orden i rommet før måltidet, skape ein hyggeleg atmosfære saman med barna. Dei skal sørge for god hygiene og vere tilstades, hjelpe og rettleie barna gjennom måltidet. Dei skal ha samtalar med barna under måltidet og gje alle høve for å bli sett og høyrte.
- Ved frileik skal dei vaksne legge til rette for at barna skal ha gode rammar for leik og vere tilgjengeleg under leik for eventuelt å kunne rettleie barna.
- Ved konflikatar skal dei vaksne alltid rettleie barna, la alle partar bli høyrte og møtt med respekt. Dei skal gje barna høve til å løyse eigne konflikatar, men ha ansvaret for at konflikten blir løyst og avslutta på ein god måte.

## 3.3 Vi forventar at lærarane



- Er tydelege vaksne
- La elevane bli kjende med personen, ikkje berre "læraren"
- Respektere at elevane er ulike og ha ulike føresetnader
- Sjå til at det er klare reglar for kva som er lov og ikkje lov
- Ha faste rutinar i klasserommet
  - vi er høflege mot kvarandre og hugsar å helsa
  - holde avtalar om plassering
  - passar på at vi har ei felles forståing av reglar
- Ha klare reglar som vernar om venskap og som oppmuntrar til å ha omsorg for kvarandre
- Arbeide med god språkbruk (god omgangstone) mellom elev til elev og mellom elev og lærar.
- Sjå til at det vert regelmessige elevsamtalar og klassemøte
- Leggje vekt på det fysiske miljøet i klasserommet for å skape trivsel og eigarskap
- Arbeider med sosial kompetanse
- Samarbeide med andre lærarar for å sikre ein felles praksis.

Mål: Alle skal føle seg trygge på kvarandre i klasserommet og læraren skal vera ein tydeleg vaksen som eleven kan ha tillit til.

### 3.4 Vi forventar at kontaktlærar

- Er elevane sin næraste kontaktperson på skulen
- Skal rettleie eleven i høve læring og utvikling
- Skal tilpasse eleven sin arbeidsplan saman med eleven
- Skal gjennomføre elevsamtalar/utviklingssamtalar
- Skal lage plan for oppfølging av avvik etter samtalar og brukarundersøkingar
- Skal presentere eleven sine resultat for foreldra/eleven
- Er næraste kontaktperson heim/skule
- Skal kartlegge eleven sitt faglege nivå og skal melde vidare til spesialpedagogisk team ved behov for eventuelle tiltak
- Skal føre fråvær og eventuelt oppfølging ved avvik
- Skal planlegge og gjennomføre foreldremøte i samarbeid med klassekontaktane



- Er ansvarleg for å leie valet av klassekontaktar og skrive referat frå foreldremøte.
- Er ansvarleg for klassemiljøet og melde avvik til spesialpedagog/miljøkoordinator for vidare oppfølging/tiltak
- Er ansvarleg for å informere elevar/foreldre når det gjeld § 9a i Opplæringslova og dokumentere at mobbing/trivsel er på dagsorden på kvart foreldremøte/konferansar/utviklingssamtala/klasseleiar- og team-møte og i eventuelle referat.
- Er ansvarleg for arbeidsoppgåver til miljøkoordinator/assistentar
- Er ansvarleg for faste rettleiingsmøter med miljøkoordinator/assistentar

### 3.5 Dette forventar vi av den gode timen

- At timen startar presis og er prega av ro
- At alle er godt førebudde
- At det vert stilt tydelege forventningar og krav
- At det er faste rutinar på starten av undervisninga
- At det er struktur på timen
- At det er variasjon i undervisninga
- At det er tilpassa opplæring til kvar enkelt elev
- At det er varierte arbeidsmåtar og arbeidsmetodar
- At det er ein god arbeidsatmosfære med trygghet og dialog
- At læraren er læringsleiar av timen
- At timen vert avslutta med oppsummering og samtale om det ein har lært

### 3.6 Forventningar til elevane

Mål: Alle skal kjenna seg trygge i klasserommet, på uteområdet og på skulevegen.

- Seia i frå til ein vaksen om han / ho ser nokon bli plaga eller mobba
- Bry seg om kvarandre. "Den gylne regel"
- Vera positive i høve til kvarandre og helsa på kvarandre. Er høfleg og snakkar fint til alle
- Tar ansvar for at alle har det bra på skulen og skulevegen
- Lyttar og føl opp beskjedar på ein positiv måte. Er ærleg og held avtalar
- Møte opp på ulike arrangement i regi av skulen
- Har orden på eige utstyr, bøker og arbeid
- Gjer leksene ordentleg og til rett tid
- Kan samarbeide med alle. Toler å ikkje få viljen sin



- 
- Bidreg til arbeidsro og konsentrasjon
  - Er aktiv i timane og ynskjer å lære noko nytt kvar dag

Skulen skal kontinuerleg arbeide med å førebyggje, avdekkje og stoppe mobbing. Helsesøster, kontaktlærer og andre tilsette skal arbeide for at elevane meistrar sosiale ferdigheitsmål og oppnår sosial kompetanse, jf. plan for sosial kompetanse.

## 4. Forventningar til heimen

Foreldre og føresette som støttar barna på ein god måte i heimen og samarbeidar godt med skulen og lærarane, bidreg til at skulen lukkast med å nå måla sine. Dette gjeld både fagleg og sosial utvikling hos eleven.

Vi forventar at foreldre og føresette:

- Samarbeidar med skulen om elevane sin faglege og sosiale utvikling
- Er lojale mot skulen sine mål og reglar
- Les og føl opp informasjon frå skulen
- Deltak på foreldremøte og utviklingssamtalar
- Rettleiar elevane i nettvett, føl opp skulen sitt IKT reglement og overheld aldersgrensene for deltaking i digitale nettverk
- Føl opp at lekser vert gjort
- Informerar skulen om forhold som påverkar eleven sin kvardag heime eller på skulen, til dømes ved digital mobbing
- Bidreg til eit positivt klasse – og skulemiljø
- Lærer barna respekt og toleranse
- Syt for at barna møter utkvilte og opplagte, med niste og gode klede og utstyr



## 5. Temaplan for klassemøter og pedagogiske samtalegrupper(personale)

	1.-2.klasse	3.-4.kl	5.-7.klasse	Personale
Aug.	Psykologisk førstehjelp – verktøy frå barnehagen Inkludering Klassereglar	Zippyreglar/reglar for mobbing og stoppregel Inkludering Klassereglar	Zippyregla/reglar for mobbingr og stoppregel Inkludering Klassereglar	System for kvalitetssikring
Sept.	Zippyreglar og stoppregel Trivselundersøking	Mobbing eller erting Spekterundersøkinga	Mobbing eller erting Spekterundersøkinga	
	Mobbing eller erting	Trygg på Norane	Trygg på Norane	1.Kjensler og problemløysing
Okt.	Vi har mange kjensler	Vi har mange kjensler	Vi har mange kjensler	
	Zippytime 1.1/ Toleranse vinduet	Toleransevinduet	Toleransevinduet	
Nov.	Zippytime	Gullregelen og løysingstrappa	Gullregelen og løysingstrappa	2.Kommunikasjon og språkbruk
	Zippytime	Zippytime: God kommunikasjon	God kommunikasjon/ språkbruk Elevundersøkinga Språkbruk	
Des.	Zippytime	Zippytime: God kommunikasjon	Språkbruk	
	Zippytime	Zippytime: Vennskap	Fair-play	
Jan.	Zippytime	Zippytime: Vennskap Spekterunderøkinga	Toleranse – vi er ulike Spekterunderøkinga	3.Elevundersøkinga Spekterundersøkinga
	Zippytime	Zippytime: Vennskap	Nettmobbing	4.Mobbing i eit digitalt perspektiv
Feb.	Zippytime	Nettmobbing	Utestenging	
	Zippytime	Utestenging/skjult mobbing	Skjult mobbing	
Mars	Zippytime	Skjult mobbing	Bruk av spel/sosiale medier	5.Livsmeistring
	Zippytime	Bruk av spel/sosiale medier	Bruk av spel/sosiale medier	
Apr.	Zippytime	Bruk av spel/sosiale medier	Bruk av spel/sosiale medier	
	Zippytime	Zippytime: Forandringar i livet	Å ha det bra med seg sjølv og andre	
Mai	Zippytime	Zippytime: forandringar i livet	Å ha det bra med seg sjølv og andre	6. Evaluering
	Zippytime			
Juni	Zippytime	Kva har vore viktig i vår klasse i år?	Kva har vore viktig i vår klasse i år?	
	Vi feirar saman	Vi feirar saman	Vi feirar saman	



Vedlegg:

## Zippy`s venner

- eit skuleprogram for 1.-4. trinn som gir auka meistring og betre læringsmiljø

**Norane skule har inngått avtale med Vaksne for barn om å implementere Zippy`venner. Sogndal kommune har inngått kommuneavtale, der alle barneskulane er med i avtalen.**

Vi har eigen rettleiar på skulen som er med i ressursgruppa for kommunen som skal syte for rett opplæring og rettleiing ved innføring og vidareføring av Zippy`s venner.

### Om programmet

Zippy`s venner er eit skuleprogram kor barna øver på å fungere godt saman og å forstå eigne kjensler. Dei får øve på korleis dei kan støtte andre og korleis dei kan finne gode løysingar på utfordringar. Dette bidreg til betre klassemiljø, inkludering og mindre mobbing. For at barna skal få best mogleg utbytte av Zippy er det ein fordel at dei føresette kjenner til programmet og støttar barna si læring.

Gjennom 6 tema med forteljingar og oppgåver skal barna lære om:

- Kjensler
- Kommunikasjon
- Vennskap
- Konflikthandtering
- Forandring og tap
- Meistring

Barn seier at vennskap og tryggleik er det viktigaste for å ha det bra på skulen. Skuleforskarar er heilt einige med barna i at dette er viktig både for læring og for god psykisk helse.

**Dette er noko av det våre elevar seier dei har lært i Zippy:**

- **Å seie fine ting til vennene og leike med dei**
- **Å spørje kva det er når nokon er lei seg, og å trøyste**
- **Å ikkje gå frå nokon som vil seie noko, utan å lytte**

### Heimeaktivitet

Til kvar av modulane er det ein heimeaktivitet som barna skal gjere saman med foreldre/føresette og eventuelt søsken. Tanken er at oppgåvene skal vere greie, litt morosame og korte (ca. 10 minutt).





## **Forankring og organisering i skulen.**

Barn og unge er ein stor del av livet på skulen. Det er i dag større erkjenning og dokumentert forskning på betydninga av den psykososiale sida av læringsmiljøet. Lærarane sin relasjon til elevane, elevane si oppleving av tilhøyr, deltaking, meistring og kompetanse er viktige faktorar for læring.

## **Evidensbasert**

Evalueringane av programmet viser at det har ein positiv effekt på meistring og sosial støtte.

Effektstudien frå Norge (Holen 2012) viser at programmet gir auka meistring, betre klassemiljø, betre fagleg fungering og reduksjon av mobbing.

## **For heile småskuletrinn**

Zippy består av eit grunnprogram på 24 timer for 1.-2. trinn og ei vidareføring for 3.-4. trinn. I tillegg er det utarbeidd materiell for tilpassa opplæring. Foreldrekomponenten med informasjon til foreldremøte og eigne heimeoppgåver er laga og klar til bruk.

## **Forankring og tverrfagleg samarbeid**

Det er eit mål å sørge for godt tverrfagleg samarbeid i planlegging, opplæring og gjennomføring av Zippy i kommunar og skuler. Skulehelsetenesta er involvert lokalt på den enkelte skule har ansvar for rettleiinga. God opplæring, rettleiing og implementering er avgjerande for kvaliteten på tiltaket.

Kommunen/skulen må sjølv finne eigna rettleiar blant sine tilsette og avtale korleis rettleiinga skal organiserast.

## **Zippy på skulen**

Kontaktlærarar 1.-4- trinn

Kontaktlærarane si haldning og jobb i klassane er avgjerande for at programmet skal få god effekt. Lærarane har og direkte kontakt med foreldre og kan påverke at foreldre involverar seg på ein god måte i samarbeid med heimen.

Kontaktlærarar deltek på 2-dagers workshop før dei gjennomfører Zippy-programmet for første gang i eigen klasse. Dei deltek og på erfaringssamling/ rettleiing etter oppsett plan minimum 3 gonger (å 2 timer) i løpet av året.

Viktige oppgåver for kontaktlærarane er:

- Gjennomføring av grunnprogram og vidareføring av tiltaket i sine klassar
- Bidra til at Zippy-prinsippa vert overført til kvardagssituasjonar på skulen slik at elevane får øve i ulike, autentiske situasjonar
- Avtale med helsesøster kva timar ho skal vere tilstades (må planleggast i god tid)
- Informere om Zippy på foreldremøte og dele ut brosjyre til alle foreldre, samt følge opp foreldrearbeidet i programmet.
- Bidra med erfaringar og refleksjon i rettleiing og erfaringssamlingar med andre lærarar